

Fylkesstyremøte Vestland – 2022

Tysdag 26.04. kl. 16.00

Sakskart for digitalt/fysisk møte



Drømmestipendnominerte 2022 i Vestland. eit utval frå kommunar.

Øvst frå venstre:

Eirhild Lovise Bruvoll Alme, teater, Gloppen og Camilla Lyssand Haugland, dans, Bjørnafjorden

Nedst frå venstre:

Sigurd Steinkopf, musikk, Vaksdal og Andrea Sol Ahlstrøm, skapende skriving, Bergen og Kristina Lvova Høydal, dans, Kinn

Sakskart til fylkesstyret sitt styremøte 26.04.22:

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakskart	3
2022.02 Referatsaker	5
Økonomirapport 1. kvartal	5
Rådgjever sin rapport	6
Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte	7
2022.03 Styrearbeid	8
2022.04 Politisk arbeid	9
2022.05 Utviklingsområda	10
2022.06 Orienteringar	11
2021.07 Eventuelt	12

2022.01 Godkjenning av innkalling og sakskart

Saksdokument: Sakskart på side 2
Innkalling på side 4

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:
Innkalling og sakskart godkjennast.

Saksutgreiing:
Innkallinga og sakskartet er utsendt i samsvar med vedtektene og møteplanen.

Frå administrasjonen møter:
rådgjevar Kristin Geiring

Fylkesstyret:

leiar	Rune Bakervik
nestleiar	Grete Berntzen
styremedlem	Trude Skarvatun
styremedlem	Øystein Røsseland Kvinge
styremedlem	Kåre Martin Kleppe
varamedlem 1	Kirill Zimin
varamedlem 2	Ingeborg Opdal Tysnes
Administrasjonen:	
rådgjevar Kristin Geiring	

Innkalling til digitalt fylkesstyremøte i Vestland, nr. 2 – 2022 den 26.4.22 kl. 12:00-16:00.

Arrangement	Dato/tid	Stad
Fylkesstyremøte 2 – 2022	26.4 / 12:00-16:00	Teams

Innkallinga er i samsvar med vedteken møteplan.

Sakskartet vert utsendt seinast 12.04.22. Forfall vert å melde til underteikna snarast mogeleg.

Fylkesstyret si nettside finn du [her](#). Der finn du bl.a. oppdatert møteplan og styreinstruks.

Vel møtt til møte!

Venleg helsing

Kristin Geiring
rådgjevar, telefon: (+47) 41570508 / e-post: kristin.geiring@kulturskoleradet.no

2022.02 Referatsaker

- Saksdokument:**
1. Rekneskap 1. kvartal 2022 side 5.
 2. Rådgjevar sin rapport side 5-6.
 3. Leiar sin rapport frå [siste hovudstyremøte](#) side 6.

Sakshandsamar: Kristin Geiring og konst. leiar Grete Berntzen

Forslag til vedtak:

Referatsakene er tatt til orientering.

Saksutgreiing:

Økonomirapport 1. kvartal

Avdeling 11 Prosjekt (R8) 112
Norsk Kulturskoleråd
1. Kvartal 2022

Organisasjonsnr.: 875627422
Utskriftsdato: 11.04.2022

NOK	Perioden, Januar - Mars			Siste 12 måneder	Året 2021
	2022	2021	Avvik		
Salgsinntekter					408 368
Sum driftsinntekter					408 368
Bruttofortjeneste					408 368
Lønnskostnad	1 000		1 000		58 356
Arbeidsgiveravg. og pensjonsk.	141	66	75 114,4%		8 228
Andre personalkostnader					405
Sum personalkostnader	1 141	66	1 075 -		66 989
Kostnader lokaler	500		500		138 750
Kostnadsførte anskaffelser					481
Fremmede tjenester					8 375
Kontorkostnad	980		980		25 008
Telefon, porto o.l.	495	453	42 9,2%		2 136
Kostnad og godtgjørelse for reiser		4 641	- 4 641		118 480
Kontingenter og gaver	3 069		3 069		19 147
Sum driftskostnader	5 044	5 094	- 51 -1,0%		312 376
Driftsresultat	- 6 185	- 5 160	- 1 025 -19,9%		29 003
Resultat før skatt	- 6 185	- 5 160	- 1 025 -19,9%		29 003
Årsresultat	- 6 185	- 5 160	- 1 025 -19,9%		29 003

Rådgjever sin rapport

Møter administrativt

1. **KS Vestland** inviterte rådgjevar til samhandlingsmøte 28. mars i Bergen. Fokus var samhandling vidare i fylket for medlemmene, og status for kommunar i fylket som tek del i «Fremtidens kulturskole»-piloten. Det er tentativt forslag om samhandlingsmøter i kommunar skuleåret 2022/2023. Rådgjevar er oppmoda om å ta del på [konferanse i Loen 25.-26. oktober for oppvekstleiarar i Vestland](#) arrangert av KS Vestland.

Nettverksarbeid

1. **Lederkonferansen 2022** i regi av KS, Norges musikkhøgskole og Norsk kulturskoleråd har tittelen «Bærekraft i ledelse». Fylkesavdelingane ved rådgjevarane vart invitert til å oppmode til regionale fysiske samlinger med digital tilgang til Lederkonferansen. I Vestland har me hatt desse arenaene tilgjengeleg med lokale arrangørar: Bergen ved Høgskolen på Vestlandet, Eidfjord ved kulturskulen/kommunen, Stord ved kulturskulen/kommunen og Sunnfjord ved kulturskulen/kommune.
2. **Leiar møte** 22. mars på Teams. Tema var statusrunde frå kulturskulane/kommunane ved deltakarane, informasjon frå fylkesavdelinga samt utviklingsområda og nettverk. Presentasjon er lagt på Teamskanal for rektorane i kulturskulane.
3. **«Ledelse av prosesser 1»**, LAP 1, har hatt tredagers samling 30. mars – 1. april med rektorar, leiarar og rådgjevarar frå Vestland og frå tre kommunar i Rogaland.
4. **Fordjuping Vestland arbeidsutval** med Griegakademiet/KMD/UiB, Ole Bull Akademiet, NMF Hordaland, NMF Nordvest, Vidaregåande skule ved Langhaugen og Firda, Bergen kulturskole og Norsk kulturskoleråd Vestland har hatt møte for å sjå på vidare samhandling i fylket. Fokus var Strategi fordypning med mangfold: Status for kva fylkesrådgjevarane etterspurd på vegne av kulturskulane i sitt fylke. Fordjupingsmidler utlyst frå Norsk kulturskoleråd og Sparebankstiftinga med søknadsfrist uke 14. Drøfting kring modell for Vestland innan fordjuping og forslag frå Sunnfjord på regioninndeling i Vestland innan fordjuping.

Politisk arbeid

1. **Stortingsrepresentanter frå Hordalandsbenken** møtte arbeidsutvalet i Norsk kulturskoleråd Vestland 1. mars på Stortinget. Skodespelar og tidlegare fordjupingselev frå Øygarden (då Fjell kommune) og Bergen kommune, Peiman Azizpour, tok del i møtet. Hovedfokus i møtet var 80 mill. i utviklingsmidlar til kulturskulane, status i Vestland og utfordringer for kulturskulane. I revidert statsbudsjett er innføring av ordning med utviklingsmidler initiert av Norsk kulturskoleråd.

Representasjon

1. **Cutting Egde Kulturskole** og [Praksiskonferansen](#), ein «praksisutviklende konferanse», vart digital. Frå styret tok Øystein Røsseland Kvinge del. Konferansen fokuserte forskning, utvikling, endring og døme frå ulike hald og innan ulike kunstfag.
2. **KS Vest- Norge, Arena Vestland**, [Strategikonferanse 2022](#) på nett med fokus mellom anna på regjeringa sin tillitsreform, sjå [Hurdalsplattformen](#), og FN sine bærekraftsmål med utvikla digitale reiskap i Trondheim kommune. Nestleiar, då konstituert leiar, og

rådgjevar tok del.

Styrearbeid

1. **Ekstraordinært årsmøte** gjennomført 14. mars med sak 9 val. Sjø nettsida til Vestland for [møtedokument](#) i saka.
2. **Arbeidsmøte med fylkesstyret** 25. mars i Bergen. Utviklingsområda vedtekne på årsmøtet 2021 var hovedfokus saman med status for politisk arbeid i organisasjonen og styrearbeid. Rådgjevarar/prosjektleiarar i Kulturskolerådet for områda «Fordjuping» og «Mangfald og inkludering» bidro med video og presentasjon til møtet.
3. **Arbeidsutvalet (AU)** i Norsk kulturskoleråd Vestland hadde møte 02.2022 den 8. april. Saker var mellom anna førbuing av styremøte 02.2022, status i organisasjonen og i fylket, utviklingsområda.
4. **Arbeidsutvalsmøte for fylka med utviklingsområde digitalitet vedteke i årsmøtet 2021** vart heldt 8. april på nett. Agder, Innlandet, Oslo og Viken, Nordland og Vestland har digitalitet som utviklingsområde. Frå styret tok leiar, styremedlem Øystein Røsseland Kvinge og rådgjevar del. Notat vert sendt i etterkant.
5. **Eigenkapital i Norsk kulturskoleråd Vestland** er utlyst og tildelt 11. april i tråd med årsmøtevedtak 2021. Sjø [nettsida](#) og [nyhendesak](#).

Leiar sin rapport frå siste hovudstyremøte

På hovudstyremøte 8.2 2022 tok konstituert leiar Grete Berntzen del. Rapport vert lagt fram munnleg på grunnlag av sakskart og protokoll.

2022.03 Styrearbeid

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram på styremøtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Styremøteplan og aktivitetsplan 2022-2023 godkjennast.

Saksutgreiing:

1. Fylka har fått [nye nettsider](#) . Aktivitetskalender vert utlagt til orientering for medlemmene og andre interesserte.
2. Representasjon
 - Seminar Jakob Sande senter for forteljekunst.
 - Arendalsuka 2022.
 - Leiarsamling hausten 2022.
 - «Ungdommens musikkmeisterskap», UMM, regionalt i Bergen lø.12.-sø.13. november.
 - Kulturskolekonferansen 3.- 4.nov.
 - Årsmøte og årsmøtekonferanse 2023.

2022.04 Politisk arbeid

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram på styremøtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Politisk arbeid vert sett i samanheng med utviklingsplan for utviklingsområda.

Saksutgreiing:

1. Oppfølging av møte med representantane frå stortingsbenkane.
2. Møte med Vestland fylkeskommune 20. april og vidare samhandling.
3. KS Vestland oppfølging av vedtak.
4. KS-møter politisk og administrativt i perioden.
5. Arendalsveka 2022.
6. Kommune-og fylkestingsvalget 2023.
7. Kommunal organisering av kulturskulane.

2022.05 Utviklingsområda

Saksdokument: Saksdokument vert lagt fram på styremøtet.

Sakshandsamar: Kristin Geiring, leiar, styremedlemmer med ansvar for utviklingsområda

Forslag til vedtak:

Framlegg til utviklingsmal godkjent. Status tatt til orientering. Framlegg til vidare framdrift godkjent.

Saksutgreiing:

Utviklingsområda er fast sak på styremøtene.

Fylkesstyremedlemmer vart på arbeidsmøte tildelt vidare ansvar i høve dei fire vedteke utviklingsområda. Innspel til tiltak med grunngjeving og mål vert drøfta.

2022.06 Orienteringar

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar(ar) Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Det er ingen innmelde saker til orientering.

2021.07 Eventuelt

Saksdokument: Ingen saker.

Sakshandsamar(ar) Kristin Geiring

Forslag til vedtak:

Saksutgreiing:

Det er ingen innmelde saker til eventuelt.